




**Statens vegvesen**  
Rogaland

# Rygjavegen

**Nr. 3**  
**juli 1996**  
**24. årgang**

*Bakka bru i Sokndal, som fram til midt på 1960-tallet var ein del av fylkesveg 36 mellom Åmodt og Bakka.*



- 4** Ny firefelts motorveg
- 7** Ulykkesgruppe ved Stavanger trafikkstasjon
- 10** Aina Solheim: Frå kontorarbeid til oppsynsmann
- 12** Chester på avskjedsrunde
- 15** Internasjonal røyrbrukonferanse i Sandnes
- 18** Presentasjon av trafikkdistrikt Nord-Rogaland

## Rygjavegen

Nr. 3 - juli 1996

**Redaktør**  
Harald Sel

**I redaksjonen**  
Eva Vivoll

**Redaksjonsråd**  
Lewy Dalen  
Halvor Folgerø  
Anne Elise Njærheim  
John Mathias Mathiassen  
Sigurd Sæland  
Reidun Vehus

**Sats/layout**  
Sissel Gro Norland

**Trykk**  
Allservice A/S

**Forsidefoto**  
Harald Sel

**Baksidefoto**  
Harald Sel

**Opplag**  
1900 eksemplar

# God sommar - høyrer vi frå deg til hausten?

Det *må* vera sommaren som er komen!

Skog og mark lyser grøn i mot oss. Lufta er varm. Fuglane syng frå tidleg morgon til seine kveld. Ein regnskyll i ny og ne gjer berre godt.

Og vi kjenner det inne i heile oss. No er den her!

Vi har pakka bort vintersko og tjukke genserar, saltspreieutstyr og brøyteutstyr.

Vi har gløymt lange beredskapsvakter og tunge tak i snøføyka.

Likeså piggdekkja som reiv bort asfalten og spreidde farleg støv i lufta.

Vi har gløymt det for ei stund.

No ligg motorvegen innbydande og klar med fire felt frå Stavanger til Forus, Området rundt Hafrsfjord blir ei endå større perle enn den var.

I Austrumdalen kan vi snart kjøra gjennom den tredje tunnelen.

Lysefjordbrua er i ferd med å reisa seg. På Våg blir toplankrysset ferdig til hausten. Norheimskrysset vil visa seg i ny drakt, også det til hausten.

Vi har planta i rabattane og sopa gang- og sykkelstiane.

633 personar er i arbeid i Statens vegvesen Rogaland, og vi kunne ha ramsa opp arbeidsoppgåver i fleng. På kvart sitt felt blir det gjort ein stor innsats.

Men no skal vi ha ein velfortjent ferie. Nokon skal reisa langt bort, nokon berre rundt næraste sving og andre skal bli heime. Det viktigaste er at vi gjer noko annleis. At vi tar vare på tinane og dagane - og nettene. Kjenner på lukter og høyrer på lydar. Berre prøv, det er godt å bere slike opplevingar inne i seg.

Så skal vi møtast til hausten. Utkvilt og opplagde med mange nye inntrykk.

Då har vi vore i Det nye Vegvesenet i eit heilt år, og det er ikkje så nytt lenger. Dei fleste har funne sin plass.

Og no vil vi i Rygjavegen gjerne høyra frå deg som arbeider i etaten.

Mange har heilt sikkert opplevingar, hendingar eller meiningsytringar som hadde vore verdt å dela med andre. Det treng slett ikkje vera kontroversielle innlegg.

Gode historiar og ytringar er vel så bra.

Kanskje du til og med skriv på verseføter eller rim?

Uansett så ser vi gjerne at du brukar Rygjavegen.

Skal vi då bli einige om at dei fyrste bidraga ligg klar når vi møtast etter ferien?

**God sommar til dykk alle!**

Eva



## INNHALD

God sommar .....	2
Forandring fryder? .....	3
Firefelts motorveg Hinna - Forus .....	4
Lang saksbehandling ved tilsetning av ny vegsjef ....	4
1,1 km av nye Grannesvegen .....	5
Lysefjordbrua .....	6
Ulykkesgruppe ved Stavanger trafikkstasjon .....	7
Gang- og sykkelveg frå Bryne til Njåskogen .....	8
Gang- og sykkelveg til Riska ..	8
Vegomlegging ved Klepp kyrkje .....	9
Stort ras på fylkesvegen langs Lundeatnet .....	9
Aina Solheim: Vegra seg for å praktisera teorien .....	10
Vegdirektøren på avskjedsfest for Chester .....	12
Chester på avskjedsrunde i fylket .....	12
Internasjonale rørbru- eksperter på vellykket konferanse .....	15
Bedriftsidrettslaget: God aktivitet .....	16
Kryssord .....	17
Trafikkdistrikt Nord-Rogaland .....	18
Nå bør vi se bedre ut .....	19
Kopitjeneste i fremgang .....	20
Rogaland prosjekterer bru i Sogn og Fjordane .....	22
Adam på Ombo .....	22
Personalnytt .....	23
Tillitsvalgtes spalte: Tilsetning av ny vegsjef i Rogaland .....	23

# Forandring fryder?

Av administrasjonssjef Bente Kogstad



Et gammelt «jungelord» som sikkert er ment for å sette mot i alle som slett ikke skjelder av fryd etter endringer.

Fra det gamle til Det nye Vegvesenet opplevde mange store forandringar med alt fra nye arbeidsoppgaver til ny organisasjonsmessig plassering, nye avdelingar og seksjoner.

Klart det røyner på å skulle forholde seg til alt på en gang og spesielt når man får nye sjefer å bryne seg på.

Statens vegvesen Rogaland ser ut til å ha klart seg svært bra i organisasjonsutviklingsprosessen og det skal bli spennende å se om evalueringen av DnV gir oss et bilde på om forandring virkelig fryder.

Uansett vil forandring alltid være en del av våre liv og komme enten vi vil det eller ikke. Det være seg i form av ny teknologi, nye organisasjonsutviklingar eller nye sjefer som ser utfordringar «overalt» og ofte er tilhengere av forandring .

Nei, livet er ikke særlig statistisk !

Derfor tror jeg det er viktig at vi alle gjør oss opp en mening om hvordan vi ønsker å møte forandring.

Skal vi være *med*; være nysgjerrige, åpne og si at ja; - vi prøver, vi ønsker, eller skal vi si nei, huff vi ønsker ikke, vil ikke, makter ikke !

Vil våre standpunkt få konsekvenser for vårt yrkesaktive og private liv, og er vi innstilt på dette ?

«Tillit, trygghet og omsorg.....» sa Chester, slo ut med armene og smilte med hele seg. Et bilde på hvordan vi ønsker at det skal være !

La oss med Chesters ord «i minne» forberede oss på forandring, ikke for forandringens skyld, men når det blir krevet av oss. Bygget på tillit, trygghet og omsorg og - jeg føyer til for egen del - *tradisjon*.

**Lykke til !**



*Geir Strømstad, Arvid Eide og Magne Schei drøftar innspurten for oppmerking og ferdistilling, før opninga av den nye firefelts-strekninga.*

# Firefelts motorveg Hinna - Forus

*Firefelts-vegen mot Hinna få dagar før opninga. Berre oppmerking og finpuss står igjen. Den siste tida før opninga gjekk trafikken på dei to ytterfelta i begge retningane.*



*Mot boligområda ved Godeset er det bygt støyvoll både langs vegkanten og i midtrabatten mellom sør- og nordgåande kjørefelt. Terramur heiter konstruksjonen, som er ei blanding av grus og jord med armeringsmatte utanpå. Langs muren er det planta «klatrevækster» som etter ei tid skal dekkja heile støyvollen.*

## **Tekst og foto: Harald Sel**

Når Ryggjavegen går i trykken er det få dagar igjen til dei to nye kjørefelta på motorvegen mellom Hinna og Forus blir opna. Det skjedde 26. juni. Det er 4,5 km av E 18 frå Stavanger mot Sandnes som nå har fått fire felt.

I tillegg til den ordinære vegen er det bygt ny tofelts bru ved Hinna. Denne er 135 meter lang og har kosta ca 7,5 mill. kr. Heile anlegget har kosta ca 59 mill. kr, som er 5 mill. kr. mindre enn kalkylen.

## **Lang saksbehandling ved tilsetjing av ny vegsjef**

Sju månader etter at stillinga blei lyst ut, er det ennå ikkje tilsett ny vegsjef i Rogaland etter Chester Danielsen.

Når Ryggjavegen går i trykken, har Samferdselsdepartementet hatt saka i over to månader, utan at noko er avgjort.

Som det vil vera kjent for dei fleste, har vegdirektøren og det sentrale innstillingsrådet to kandidatar i si tilråding overfor departementet. Produksjonssjef Tor Geir Espedal, Rogaland er innstilt som nr. 1 og trafikksjef Hans I. Seland, Vest-Agder som nr. 2



Frå bygginga av rundkjøring i krysset med Kr. Bonnevieveg, der den ferdige parsellen av Grannesvegen sluttar. Herfrå til Grannes står det igjen å byggja 500 m ny veg, før heile Grannesvegen har fått fullgod standard. Det er Tor Klausen og Inge Egeland som driv på med å leggja kantsteinen på plass.

# 1,1 km av nye Grannesvegen er opna

*- men 0,5 km står igjen*

I slutten av juni blei 1,1 km av den nye Grannesvegen (Fv 395) opna. 0,5 km veg står igjen før heile strekninga mellom E18 ved diagonalen på Hinna og Fv 382 ved Grannes har fått fullgod standard. Ferdigstilling av denne strekninga er avhengig av fylkeskommunal løyving.



Frå den nye parsellen under anleggsperioden tidleg i vår. Lærling Egil Øfstebø (t.v.) og oppsynsmann Marius Ørnes er i gang med stikningsarbeid.

**Tekst og foto: Harald Sel**

Grannesvegen er ein viktig og sterkt trafikert sambandsveg mellom Madla/Hafersfjord/Sola og E18. Den gamle vegen er smal, svingete og manglar gang- og sykkelveg. Gjennom dei siste åra har det vore mange stygge trafikkulykker på den gamle Grannesvegen.

### **Bilveg + gang-sykelveg**

Det er strekninga frå E18 til Kr. Bonnevieveg som nå er ferdig og opna for trafikk. Vegen er sju meter brei og med ein meter skulder på kvar side.

I tillegg er det bygt gang- og sykkelveg på nordsida langs heile strekninga. På sørsida er det bygt 350 meter ny gang- og sykkelveg fram til den gamle Grannesvegen, som nå blir kombinert gang- og sykkelveg og adkomstveg. Mot bebyggelsen langs den nye vegen er det bygt 550 m støvull og 100 m støyskjerm.

### **Betalt av stat, fylke og kommune**

Arbeidet på den ferdige parsellen har totalt kosta 13 mill. kr. Av dette har staten løyvd over halvparten - 7,7 mill. kr, Rogaland fylkeskommune har betalt 3,35 mill. kr og Stavanger kommune 1,95 mill. kr. Den gjenståande strekninga, Kr. Bonnevieveg - Fv. 382 Grannes, er kostnadsrekna til ca 5,5 mill. kr. Rogaland fylkeskommune har løyvd 1,6 mill. kr på budsjettet for i år. Dersom fylkeskommunen også løyver pengar på 1997-budsjettet, vil resten av den nye Grannesvegen truleg bli ferdigstillt neste år.

# LYSEFJORDBRUA:

## Hovedtårnet rager på Giskelineset

**Tekst og foto: Gunnar Nærum**

Byggingen av Lysefjordbrua er i rute. Siden oppstarten seint på året i fjor har betongentreprenøren A/S Betong konsentrert sine arbeidere på sørsida av fjorden. Hovedtårnet i strandkanten på Giskelineset har bare få meter igjen til sin foreløpige avslutning med innstøpte sadler av stål for bærekablene på kote 101,5. Den nedre tverrigelen mellom tårnbeina, samt søyler og landkar videre sørover står klar til å ta i mot brubjelken, som skal støpes i spennarmert betong på denne strekningen. På nordsida av fjorden er fundamentene til beina for hovedtårnet støpt i utsprengte groper i skråfjellet vel seks meter over sjønivå. Tårnstøpingen her starter så snart klatresystemet for forskaling og stillas kan flyttes over etter avsluttet støping av søndre tårn. De lange støttemurene som danner ytterbegrensningen av det fremtidige kryssområdet på Nibå, er støpt ferdig i de bratte skrentene mellom riksvegen

og brua. Det gir sårt tiltrengt plassutvidelse i et trangt og tildels trafikkfarlig anleggsområde.

I områdene der brukablene skal forankres, er det for hver kabel boret to hull med diameter 160 millimeter inn til forankringsrommet inne i fjellet. De kraftige stagene av spesialstål, med gjenger og muttere som skal overføre strekkraftene fra brukablene til fjellforankringene, er kommet til byggeplassen. Disse stagene og tårnsadlene er produsert i Polen og levert av Husnes Mek. & Rør A/S i Kvinnherad. Bærekabler og hengestenger skal leveres av det østerrikske firmaet Austria Draht GmbH for 20,5 mill kr eksklusive merverdiavgift. Ingen norske firmaer kan lage slike produkter. Etter åpen anbudskonkurranse ifølge EØS-forskriftene, hvor tre norske og to utenlandske firmaer deltok, er de store stålarbeidene for brua satt bort til Heerema Tønsberg A/S.



*Hovedtårnet på sørsida av fjorden rager nå ca 100 m opp fra strandkanten på Giskelineset.*

Kontraktssummen er 78,6 mill kr eksklusive merverdiavgift. Produksjonen og montering av brukassen i hovedspennet og montering av bærekabler og hengestenger utgjør hoveddelene i leveransen, men stålentreprenøren skal også støpe tårnhus på toppen av tårna og forankringshus ved overgangen fra bærekabler til fjellforankring. I spesifikasjonene er det lagt opp til at alle leveranser skal tilfredsstille de nyeste kvalitetskrav. Blant annet innebærer det at overdekningen for konstruktiv armering skal være minst 115 millimeter i tårnfundamentene og minst 60 millimeter utvendig for tårnsøylene, og det er her kun tillatt brukt armeringsstoler av betong. Innvendig i stålkassen, i forankringshus og tårnhus skal avfuktingsanlegg sørge for så lavt fuktighetsnivå at rustbeskyttelse av stålkonstruksjoner ikke er nødvendig. Utvendig overflatebehandling av stål skal være av en slik kvalitet at det ikke er behov for ordinært vedlikehold før om minst ti år.

Mens betongarbeidene ifølge kontrakten med A/S Betong ser ut til å koste noe mindre enn forutsatt i overslaget, ligger prisene for stålarbeider, kabler og hengestenger litt høyere enn beregnet. Samlet innebærer dette en økning i de totale kostnader på omlag 3 mill kr.



*Fra bygging av støttemur ved Nibå på nordsida av Lysefjorden.*

*De som er med i ulykkesgruppa ved Stavanger trafikkstasjon er fra venstre: Lewy Dalen, Øyvind Gilbø (reserve), Leif Skorge og Arild Netland.*



# Ulykkes- gruppe

## ved Stavanger trafikkstasjon

### **Av Arild Netland og Lewy Dalen.**

Fra 1. februar ble det etablert en ulykkesgruppe ved Stavanger trafikkstasjon. Gruppen skal undersøke alle dødsulykker og alle utforkjørsler med personskade.

I forbindelse med Det nye Vegvesenet ønsket trafikksjefen en nærmere utredning og kartlegging angående alle ulykkene og dødsulykkene i Rogaland. Spørsmålet som ble stilt var: Hva er årsaken til ulykkene og hva kan vegvesenet bidra med?

I denne forbindelse ble det opprettet et prosjekt kalt «Ulykkesundersøkelse» med Arild Netland som prosjektleder. Det ble også nedsatt en styringsgruppe med Eddie Westad som leder. Han skulle sammen med prosjektleder utrede hvordan arbeidet kunne organiseres. Styringsgruppa avholdt flere møter og gjorde undersøkelser på hvordan tilsvarende arbeid ble gjort andre steder, blant annet i Trøndelag og i Sverige. Ut fra denne undersøkelsen ble det bestemt at det skulle opprettes ulykkesgrupper. Arbeidet ble startet i Stavanger trafikkdistrikt, og skal etter at vi har høstet erfaring herfra vurdere oppstart i de andre trafikkdistriktene.

Det er presisert at alle moment rundt en ulykke må belyses: Veg og vegområde, kjøretøy og fører. Det er dette som i hovedsak kan tilbakeføres til ulykken.

### **Når en ulykke har skjedd deles arbeidet opp i seks faser:**

- Utrykning og undersøkelse av ulykkessted, førerhandling og kjøretøy
- etterforskning - finne årsaken
- rapportering
- foreslå tiltak
- tiltak settes i verk
- tilbakemelding

Det er videre bestemt at gruppa skal bestå av tre personer fra vegvesenet. Alle har hvert sitt hovedfelt: vegbakgrunn, førerprøve sensor, og en fra kjøretøysiden.

### **Den faste gruppen består av:**

- Arild Netland: Teknisk rapport angående kjøretøyet.  
Leder av gruppen.
- Leif Skorge: Førerrapport, bedømming av fører sin handling.
- Lewy Dalen: Vegrapport, veg, føre, vegdekketilstand, skilt, oppmerking, tverrfall og ellers vegmiljøet.

Når en ulykke har skjedd blir vaktcentralen på vegkontoret varslet av politiet. Vaktcentralen kaller så ut ulykkesgruppen som har vakt 24 timer i døgnet fordelt på 6 personer. I skrivende stund har vi vært ute på 9 ulykker, 4 har vært dødsulykker. Ingen av ulykkene kan tilskrives direkte feil på veg eller vegmiljø. Vi skal ikke gå i detaljer om hvilken konklusjon ulykkesgruppa kommer til på den enkelte ulykke, trenden synes likevel å være førerfeil.

Det er et omfattende arbeid som gjøres etter at den enkelte ulykke har skjedd, noe som tar mye tid. På ulykkesstedet samler vi mest mulig informasjon.

Dette vil da danne grunnlaget for rapporten. Så detaljert som mulig forsøker vi å rekonstruere hva som er skjedd, også i tidspunktet før ulykken. Til slutt blir rapporten utformet.

Ulykkesgruppa har et nært og godt samarbeid med politiet. Vi har og inntrykk av at politiet legger stor vekt på våre rapporter, noe vi i ulykkesgruppa er glade for.

Målet med ulykkesundersøkelsene er å kartlegge hovedårsaken til hvorfor ulykken skjer. Vider skal vi komme med forslag til kortsiktige og langsiktige tiltak i forbindelse med vårt trafikk-sikkerhetsarbeid.

# Gang- og sykkelveg frå Bryne til Njåskogen

*I september vil 1,7 km ny gang- og sykkelveg mellom Serigstad og Njåskogen i Time vera ferdig. Ved opninga av denne vegen vil det vera samanhengande gang- og sykkelveg mellom Bryne og turområdet i Njåskogen.*

*I prosjektet inngår også ombygging av riksvegen på 600 m av strekninga. Her vil særleg omlegginga av ein skarp og ulykkesbelasta sving bli merkbar.*



*Normann Helleren i arbeid på den nye gang- og sykkelvegen fram mot Njåskogen (i bakgrunnen). Ved bygging av nye vegar, blir det ofte lagt diverse kablar og vassledningar for kommunar og andre offentlege etater, samtidig som ein er i gang med gravinga. Dette er rasjonelt og kostnadssparande. I grøfta som det her blir arbeidd med, skal det leggjast ein kabel for Telenor.*

## **Tekst og foto: Harald Sel**

Etter den opprinnelege planen skulle anlegget vera ferdig i juli. Men kuldeperioden i vinter med djup tele i jorda, førte til bortimot to månaders anleggsstopp.

Prosjektet vil kosta 4 mill. kr. og inngår i ein gang- og sykkelveg-avtale mellom Statens vegvesen og Time kommune, der vegvesenet og kommunen betaler 50 prosent kvar.

Det er også planlagt ein undergang ved Njåskogen, slik at syklistar og tur-

gåarar kan koma frå gang- og sykkelvegen til turområdet utan å kryssa riksvegen. I denne omgangen er det ikkje pengar til å få bygt denne undergangen.

### **Tilknytt turveg**

Når anlegget på Serigstad er avslutta, vil det vera samanhengande gang-sykkelveg/turveg rundt Frøylandsvatnet. Då må ein bruka turstien gjennom Njåskogen til Netland, gang- og sykkelvegen frå Netland til Kvernaland og vidare turvegen langs Frøylandsvatnet.

### **To strekningar igjen**

For dei som vil sykla eller gå/jogga dei 20 kilometrane langs riks/fylkesvegane frå Bryne, om Kleppekrossen og tilbake til Bryne, er det derimot framleis to manglande ledd langs Rv 505. Det gjeld ei strekning på 1,8 km frå Njåskogen til Netland og 730 meter frå grensa mellom Time og Klepp til Orstad. Arbeidet med vegstubben til Orstad startar alt i sommar og anlegget skal vera ferdig i desember i år. Når strekninga frå Njåskogen til Netland blir bygt, er avhengig av kor tid- og korleis ein kan skaffa pengar til prosjektet.

# Gang- og sykkelveg til Riska

Ved eit samarbeidsprosjekt med Sandnes kommune, som inngår i prosjektet Sykkelbyen Sandnes, er det bygt ca 5 km ny gang- og sykkelveg langs Rv 13 frå Vatneleiren til Hogstadkrossen og vidare langs Rv 516 til Maulandsvegen.

Sjølve gang- og sykkelvegen har kosta i overkant av 5 mill. kr. Samtidig er det lagt vatn og spillvatnledning til Riska, bygt natursteinmurar og utført anna arbeid, som kommunen har finansiert. Også to vegstrekningar er utbetra, ved



*Ein del av den nye gang- og sykkelvegen mellom Vatnekrossen og Maulandsvegen.*

Hogstadbakken og i krysset ved fylkesvegen til Li. Heile prosjektet har kosta ca 50 millionar kr. Frå Maulandsvegen til Riska kyrkje står

det igjen 680 meter av Rv 516, som manglar gang- og sykkelveg. Etter planen skal dette arbeidet utførast i første halvår 1997.



# Vegomlegging ved Klepp kyrkje

**Tekst og foto: Harald Sel**



*Frå asfalteringsarbeidet av den nye vegen utanom Klepp kyrkje, som blei ferdigstilt rett før 17. mai.*



*Fire av dei som har arbeidd med prosjektet. Frå v.: Arvid Stølen, Einar Solli, Ernst Walskaar og Peder Vold*

**Ved Klepp kyrkje er 250 meter av fylkesvegen omlagt. Samtidig er det bygt 200 meter nytt fortau.**

I sommar skal 150-årsjubileet for kyrkja markerast. Å leggja forholda til rette for denne markeringa, er ein viktig bakgrunn for vegarbeidet som er utført.

Ein har nå fått samanhengande fortau frå kyrkja til sentrum i Kleppekrossen og parkeringsforholda ved kyrkja blir betre. Ved omlegginga av vegen, kan dessutan kommunen opparbeida ein ny gravlund.

Arbeidet har kosta omlag 1 mill. kr. Statens vegvesen og Klepp kommune har betalt halvparten kvar, men kommunen har forskottet vegvesenet sin del med avtale om tilbakebetaling innan år 2001.



*Slik så det ut på fylkesvegen langs Lundevatnet der det store raset gikk 1. påskedag.*

## STORT RAS på fylkesvegen langs Lundevatnet

**Tekst og foto: Ernst Walskaar**

1. påskedag gikk et stort ras på fylkesveg 2 mellom Kjellevik og Hellesmark i Lund.

Statens vegvesen fikk melding om raset på formiddagen av beboere på veg til barnedåp, men de kom til sperret veg. Disse og andre som skulle passere

rasstedet måtte bruke båt på Lundevatnet for å komme fram. Vegvesenet sperret området og fikk geolog på plassen for å vurdere rasfaren og lage en rapport om situasjonen. Siden det var påske, ble mange feriegjester innesperret. Disse måtte sette igjen bilene og Statens vegvesen satte opp en buss for å frakte den hjem. Etter å ha sprengt bort løs stein i

fjellsiden, ryddet vi vegen og slapp igjennom bilene som var innesperret. Det har gått mange ras på vegen langs Lundevatnet men dette er det største. Vi antar at mellom 400 og 600 kubikkmeter kom ned.

Når dette skrives, i juni, gjenstår bare litt bolting, før vi har sikret vegen i samsvar med rapporten fra geolog Pedersen fra Vegdirektoratet.

- Eg visste nok ikkje  
mitt eige beste, seier Aina

# Vegra seg for å praktisera teorien etter teknisk utdanning

- Eg gleder meg kvar dag til å gå  
på jobb, seier oppsynsmann  
Aina Solheim. -Eg har blitt veldig  
godt mottatt i det mannsdominerte  
miljøet på Bærheim. Me er ein fin  
gjeng her. Ute på anlegga går det  
også bra. Eg føler at eg har fått veldig  
god kontakt med formenn og andre.  
Dei er positive og greie.



## **Tekst og foto: Harald Sel**

Me treff oppsynsmann Aina på Kvernvikvegen, der Statens vegvesen er i gang med bygging av gang- og sykkelveg og utbetring av fylkesvegen. På dette anlegget er ho ansvarleg for oppfølging av drifta. For første gong skal ho fylgja eit prosjekt frå start til ferdigstilling, etter at ho tok eksamen ved Stavanger

tekniske fagskole og 19. februar i år blei tilsett ved Bærheim vegstasjon. Før Aina i 1992 tok til med den tekniske utdanninga, hadde ho vore kontormedarbeidar i sju år, ved Dirdal vegstasjon, Nærbø vegstasjon og på Vegkontoret.

### **Tilbake til kontorarbeid**

Aina Solheim var ikkje like glad og tilfreds som ho er i dag, då ho for snart eit halvt år sidan blei beordra til stillinga på Bærheim.

Då ho var ferdig med utdanninga på Stavanger tekniske fagskole, gjekk ho tilbake til kontorjobben ved produksjonsavdelinga på Vegkontoret. Men ved det arbeidet fekk ho i liten grad bruka lærdommen frå skulen i praktisk arbeid. Produksjonssjef Tor Geir Espedal ba henne difor om å gå over til driftsoppsynet på anlegg.

### **Mangla praksis**

- Eg svara at eg ikkje kunne tenkja meg jobben, sjøl om den passa godt til den

*Aina Solheim saman med formann Oddmund Mellomstrand på anleggsområdet ved Kverneviksvegen i Stavanger: På dette anlegget er Aina ansvarleg for oppfølging av drifta.*



utdanninga eg hadde tatt, fortel Aina. - Her spela nok fleire ting inn. For det første treivst eg godt med kontorarbeidet eg hadde på Vegkontoret. Eg visste kva eg hadde og var utrygg på kva eg gjekk til. Og så var eg redd for at det ville bli vanskeleg å omsetja den teoretiske lærdommen i praktisk arbeid. Det fleste medelevane mine på den tekniske fagskulen hadde praktisk erfaring før dei starta utdanninga, eg hadde ingen praksis.

### **Beordra**

Etter å ha vurdert Aina sitt svar, kom Tor Geir Espedal til at det ville vera best både for henne og etaten at han brukte sin beordringsrett. Aina fekk beskjed om å møta til sitt nye arbeid om ei og ei halv veke. - Eg var knust og deprimert i tre dagar, seier ho. - Då hadde eg prata med produksjonsleiar Torbjørn Hogstad og andre på Bærheim. Alle ønska meg hjarteleg velkomen og sa at dei var glade for at eg skulle begynna. Etter kvart som eg fekk tenkt meg om, kom eg til at dette var ein kjempesjans. Men Aina legg til at ho likevel er skeptisk til bruk av beordring. - Beordring er noko leiinga i Statens vegvesen bør vera forsiktig med. Det har gått bra for min del, men for andre kan det føra til problem. Ein må vera klar over at det er menneske og ikkje brikker ein har med å gjera, seier ho.

### **Tenka positivt**

I dag seier Aina at ho nok ikkje visste sitt eige beste, når ho vegra seg for å ta utfordringa. - Heldigvis var der andre som skjøna mitt eige beste, slår ho fast, og legg til. - Som regel går ting mykje betre enn det ein fryktar. Eg har lært at ein ikkje skal vera redd for å ta utfordringar. Ein bør tenkja mindre på alle vanskane ein kan få, og heller tenkja på alt det positive nye utfordringar kan føra med seg.

### **Jente i mannsmiljø**

- Kva kan det hatt å bety at du er jente, når du i utgangspunktet ikkje hadde lyst til å gå inn i det mannsdominert faget og eit mannsdominert miljø på Bærheim? - Eg er ikkje redd for å arbeida i eit mannsdominert miljø. Det har eg også gjort tidlegare, både på vegstasjonane og på Vegkontoret. Eg var nok heller skeptisk fordi eg aldri hadde vore borte i anleggsdrift tidlegare. Både maskinar og vedlikehald hadde eg meir peiling på. Men innerst inne var eg nok ikkje i tvil om at eg også skulle klara arbeidet på anlegg. Mange jenter er nok elles litt meir skeptiske enn menn til å gå på utfordringar. Det gjeld kanskje også meg. Og når det gjeld dette med mannsdominert miljø, så har det gått aldeles storarta. Både på Bærheim og ute på

anlegga er dei positive, greie og hjelpsame. Eg var nok litt redd for at dei som har arbeidd ute i mange år kunne tenkja: "Kva er det ho trur ho er?" Men eg har ikkje merka noko skepsis. Arbeidsmiljøet er svært godt, og det er svært viktig for trivselen, seier Aina.

### **Ros**

Og mens me er i ferd med å avslutta intervjuet kjem ein av Aina sine kollegaer, faggruppelæiar John Reidar Gard, inn på kontoret. - Aina er blink for miljøet her på Bærheim, seier han. - Ho tar oppgåvene lett, er sterk på EDB og ho har lett for å få kontakt og koma på bylgjelengde med folk. - Det er kjekt å få ros, men det får vera grenser, kommenterer Aina. Men rett etter deler ho sjøl ut meir ros til gode kollegaer, mellom andre til oppsynsmann Marianne Stokkebø. Ho var den første i Statens vegvesen Rogaland som «hoppa av» frå ei kontorstilling og tok teknisk utdanning. - Eg hadde aldri begynt på utdanninga, dersom ikkje Marianne hadde gjort det same tidlegare. Ho var inspirasjonskjelda mi og når eg syns det var tungt å gå på skulen, så gjekk eg til henne. Det var dessutan ei stor hjelp at me var to jenter frå Vegkontoret i klassen; Mona Vareberg i tillegg til meg, seier Aina.

# Vegdirektøren på avskjedsfest



*Chester Danielsen sin avgang som vegsjef blei markert med ei tilstelling i Stavanger Forum 9. mai. I spissen for dei mange som helsa og takka Chester var vegdirektør Olav Søfteland. Søfteland framheva Chester Danielsen sitt store engasjement, ikkje minst på dei halvårlege vegsjefmøta. - Det er eit imponerande arbeid du har utført gjennom 25 år som vegsjef, og du har vore til inspirasjon for oss alle, sa vegdirektøren mellom anna.*

## Chester på avskjedsrunde i fylket:



*Lykke til med pensjonstilværelsen! sto det på kaka som blei servert under tilstellinga i verkstadhallen ved Haugesund vegstasjon. Dette var eit fellesarrangement for dei tilsette ved produksjonsavdelinga og trafikkavdelinga.*

**Fotoreportasje: Eva Vivoll og Harald Sel**

Før Chester Danielsen gjekk av som vegsjef, var han på avskjedsrunde til veg- og trafikkstasjonane i fylket. På denne runden fekk han høve til å helsa på dei fleste tilsette i Statens vegvesen Rogaland, som har arbeidet sitt utanfor vegkontoret. Over alt på avskjedsrunden blei Chester hylla og takka, både med ord og gåver, for det framifrå arbeidet han har gjort gjennom 25 år som vegsjef.

Me gir her nokre glimt frå dei ulike hyllingstilstellingane.



*John Mathias Mathiassen overrekte ei fiskestong, som gåve frå dei tilsette i Haugesunds-området.*



*Avskjedsgåva frå dei tilsette ved Bærheim vegstasjon var pute og løpar, som Solveig Stangeland hadde laga og sjøl overrekte til vegsjefen.*



*Chester i samtale med nokre av dei tilsette i Ryfylke, under tilstellinga i kontrollhallen ved Sand veg- og trafikkstasjon. Frå v.: Sverre Helgeland, Kjell E. Sandvik og Sverre Gjuvsland.*



*Her er Chester omkransa av blide jenter under avskjedsbesøket på Stavanger trafikkstasjon. Bak frå v.: Berit Lomeland, Mette Myrvoll, Torhild Rypestøl, Anne Marie Torsvik, Gro Kvalbein. Framme: Linda Kristiansen.*

# Hylling og takk

## - både med ord og gåver



*Tilsette i Haugesund hadde skrive hyllings-song til Chester. Her ein del av trafikkavdelinga sine folk under framføringa.*

## Chester på avskjedsrunde i fylket:



Frå visitten i dei gamle lokala til Biltilsynet i Egersund.  
(Dette var få dagar før opninga av den nye Egersund veg- og trafikkstasjon.)  
Me ser Greta Helvig, Njål Hanasand og Chester.



Frå besøket på Austrått, der anleggs-  
leing og arbeidarar ved E18-anlegget  
Hinna - Forus var samla for å ta avskjed  
